



vatn frå fjell til fjord



Vassregion Hordaland

PLANPROGRAM 2010-15

for Forvaltningsplan for vatn 2016 -2021.

Regional plan for vassdrag, grunnvatn, brakkvatn og kystnært vatn.



Vedteke av fylkesutvalet 29.11.2011



Vassregionmyndigheit Hordaland

Heimeside: www.vannportalen.no/hordaland

Vassregionmyndigheit Hordaland

Hordaland fylkeskommune

Pb. 7900

5020 BERGEN

E-post: hfk@post.hfk.no

Denne utgåva er revidert etter 22 fråsegn i høyringsrunden. Etter høyringa er planprogrammet oppdatert m.a. på tidsfristar, framdriftsplan, omtale av konsekvensutgreiing, flaumdirektivet og relevante regionale planar, oversikt over kontaktinformasjon til prosjektleiarar i vassområda, Klif er lista som tiltaksmyndigheit, tre nye definisjonar er kome inn i vedlegget, forkortingar av organ er fjerna og delar av teksten noko forkorta. I tillegg er det gjort nokre redaksjonelle endringar og namn er oppdatert.

Forside: Slåtterøy fyr (Foto : Sølve Sondbø)

Forord

Korleis er vasskvaliteten i elvar, innsjøar, grunnvatn og fjordar i Hordaland? Er du interessert i dette temaet? Då vil vi oppmode deg til å engasjere deg i vassforvaltninga i Vassregion Hordaland.

Planprogrammet for Vassregion Hordaland har som mål å vise korleis styresmakter, organisasjonar og andre skal arbeide med vassforvaltninga i åra framover. Det er viktig med eit felles grep for å betre tilstanden i vassdrag og fjordar, og for å unngå at nye miljøproblem oppstår.

Gjennomføring av vassforskrifta, *Forskrift om rammer for vannforvaltningen*, er den norske innføringa av EU sitt vassdirektiv. Dette fører til at vi må kartleggje og analysere alle vassdrag, fjordar og kystområde, fastsetje miljømål og kvalitetskrav, lage tiltaksplanar og setje i verk overvåkingsprogram.

Målet er minst *god økologisk tilstand* eller *godt økologisk potensial* for alle vassdrag og fjordområde innan utgangen av 2021. Vassforvaltninga skal gjennomførast slik at alle den gjeld og som er interessert skal kunne delta og påverke arbeidet gjennom å informere og invitere til dialog kring miljømål, tiltaksprogram og overvaking.

Planprogrammet viser dei ulike arbeidsoppgåvene og kva for vedtak som må gjerast, alt med tidsplan, for å slutføre arbeidet med den første forvaltningsplanen i Vassregion Hordaland. Fylkesutvalet vedtok samrøystes den 08.12.2010 å sende planprogrammet på høyring. Fristen for innspel var 01.07.2011.

Innhald

	Forord	3
1	Formålet med planarbeidet	5
	Andre regionale planar	
2	Vurdering av konsekvensutgreiing	6
3	Om planområdet (vassregion og vassområde)	7
4	Organiseringa av arbeidet	9
5	Arbeidsprogram og framdriftsplan	14
6	Opplegg for medverknad og informasjon – når og korleis kan ein medverke?	20
7	Forslag til tema, medrekna aktivitetar og utgreiingar	22
	Vedlegg	23

1a) Formålet med planarbeidet

Formålet med planen: Sikre varetaking og berekraftig bruk av vatn, både vassdrag, kystvatn og grunnvatn. I tillegg leggje til rette for vekst og utvikling samtidig som vassressursane vert teke vare på.

Forventa sluttokument: Sektorovergripande regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram, som til saman skal gje eit fullstendig bilete av miljøtilstand, vesentlege påverknader, overvakinga, miljømåla, miljøtiltaka.

Konsekvensar av planen: Som del av planprosessen skal det utgreiast kva som vert planen sine vesentlege verknader i forhold til miljø og samfunn.

Planprogrammet skal liggje til grunn for utarbeiding av forslag til forvaltningsplan for Vassregion Hordaland 2016-2021. Formålet med planprogrammet er å informere om planarbeidet, samt å sikre ein kjent og heilskapleg planprosess med tidleg medverknad frå alle interessentar. Målgruppe er alle som har interesse i regionen sine vassdrag, kystvatn og grunnvatn.

Planprogrammet skal utgreie kva som skal planleggjast, korleis planlegginga vert organisert, eventuelle problemstillingar og alternative løysingar der dette er relevant, samt kva som må utgreiast nærare.

Det overordna målet for den nye vassforvaltninga er at alle vassførekomstar skal ha *minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand*. Sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) kan få tilstanden *godt økologisk potensial*, noko som opnar for reduserte krav til økologisk tilstand, men den kjemiske tilstanden skal vere god. Vassdrag med store vassdragsreguleringar vil i mange tilfelle vere SMVF. Sjå Vedlegg for definisjonar av SMVF, økologisk status og *godt potensial*. Arbeidet med forskrifta skal resultere i ein sektorovergripande og regionale forvaltningsplan. Forvaltningsplanen skal baserast på kartlegging og overvaking av vassførekomstar. Tilstanden i dei enkelte vassførekomstane skal vurderast jf. gitte indikatorar, som definerar økologisk status i høve til overordna miljømål.

Arbeidet med regionale forvaltningsplanar for vatn er heimla i *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)*. Noreg pliktar via EØS avtalen å følgje direktivet. ESA (overvakingsorganet for EØS-avtalen) kontrollerar om Noreg følgjer vassrammedirektivet.

Klasse	Tilstand miljømål
Svært god	Miljømål oppnådd
God	
Moderat	Tiltak nødvendig for å nå miljømål
Dårleg	
Svært dårleg	

Figur 2: Klassifiseringssystemet

Om den økologiske tilstanden er under streken (moderat eller dårlegare) skal tiltak setjast inn for å løfte tilstanden til god eller svært god. Tilstanden der den er god eller svært god skal ikkje reduserast.

1b) Andre regionale planar

Andre regionale planar med relevans for vatn i Hordaland er: [Fylkesdelplan for små vasskraftverk](#) (til handsaming i Miljøverndepartementet), [Klimaplan for Hordaland 2010-2020](#), [\(Fylkesdelplan Hamn](#) (ny planprosess er starta), [Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004 \(pdf\)](#) ikkje rullert – men framleis retningsgivande og [Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008](#) (forlenga inntil vidare). [Regional transportplan](#) er under arbeid. Dessutan kan [Område for friluftsliv \(2008\)](#) vere relevant.

2. Vurdering av konsekvensutgreiing


På noverande tidspunkt trur ikkje vassregionmyndigheit Hordaland at arbeidet med forvaltningsplan for vassregionen vil utløyse krav om konsekvensutgreiing. Forvaltningsplanen vil ikkje i seg sjølv heimle tiltak eller binde opp arealbruken. Men det kan undervegs i arbeidet bli gjort framlegg om tiltak som vil utløyse krav om konsekvensutgreiing. (jf § 15 i forskrift om konsekvensutgreiingar).

3. Om planområdet (vassregion og vassområde)

Vassforvaltningsforskrifta gjeld alt vatn, frå brevatn til kystvatn éi nautisk mil utanfor grunnlinja. Noreg delt inn i 11 vassregionar. Kvar av vassregionane skal delast i mindre forvaltningseiningar. Dette vert omtalt som vassområde.

Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unnatak. Store delar av Odda kommune (blant anna Røldal) ligg i vassregion Rogaland. Samstundes har delar av Vindafjord kommune i Rogaland blitt med i vassregion Hordaland av geografiske grunnar for å samle fjorden. Det er fleire avvik mellom fylkesgrensa og vassregiongrensa mot Sogn og Fjordane, Telemark og Buskerud.

Hordaland vassregion er delt i fem vassområde:



Nordåsvatnet vassområde frå planperiode 1 er ein del av Vassområde Vest. Forvaltningsplanen for Nordåsvatnet vassområde er i dag einaste gjeldande plan etter vassforskrifta i vassregionen og gjeld fram til og med 2015. Nordåsvatnet vassområde inngår i den nye forvaltningsplanen.


Kommunane er fordelt slik på vassområda:

Vassområde	Berørte kommunar *	
Nordhordland	Fedje, Austrheim, Masfjorden, Radøy, Meland, Lindås, Gulen (mindre del), Høyanger (mindre del) og Vik (mindre del)	*) Mindre delar av kommunane kan vere i andre vassområde
Voss - Osterfjorden	Voss, Vaksdal, Osterøy, Modalen, Bergen , Vik (mindre del) og Aurland (mindre del).	
Sunnhordland	Kvinnherad, Etne, Tysnes, Sveio, Stord, Bømlo, Fitjar, Vindafjord, Haugesund	
Hardanger	Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Granvin, Jondal, Kvam	
Vest	Bergen, Øygarden, Fjell, Sund, Os, Fusa, Samnanger, Austevoll, Askøy	

Kvart vassområde har ein prosjektleiar/sekretær i 50 % stilling i prosjektperioden ut 2013 med unnatak av vassområde Vest. I vassområde Vest er Ole Rugeldal Sandven fungerande prosjektleiar i påvente av tilsetning av prosjektleiar for vassområdet i 100 % stilling.

Vassområde	Vertskommune	Prosjektleiar	Telefon	E-post
Hardanger	Odda	Torstein Backer- Owe	53654632 97 558601	torstein.backerowe@odda.kommune.no
Nordhordland	Radøy	Kjersti Isdal	97129193	kjersti.isdal@radøy.kommune.no
Vest	Bergen	Ole Rugeldal Sandven	94522170	ole.rugeldalsandven@bergen.kommune.no
Sunnhordland	Fitjar	Kari Rydland	41764898	kari.rydland@fitjar.kommune.no
Voss- Osterfjorden	Vaksdal	Sveinung Klyve	95987501	sveinung.klyve@vaksdal.kommune.no

4. Organiseringa av arbeidet



RG = referansegruppe, VO = vassområde, VRU = Vassregionutval

4.1. Regionalt nivå

Styresmakta for vassregionane er gitt tittelen *vassregionmyndigheit*, og lagt til fylkeskommunen. Vassregionmyndigheitene skal koordinere og leggje til rette for det arbeidet som etter forskrifta skal utførast innan gitte fristar. Konkret er det snakk om å definere retningslinjer for arbeid i dei enkelte vassområda, følgje opp sektorstyresmakter, kommunar og konsulentar som har oppgåver i samband med forskrifta, gjennomføre egne oppgåver som til dømes utarbeiding og fastsetting av planprogram og samordne bidrag til forvaltningsplanen. Grovt summert har vassregionmyndigheiten eit stort ansvar i å løse prosessen gjennom det regionale apparatet, både politisk og administrativt. Samtidig skal medverknad ivareta ved at sektorar, kommunar og andre får gode eigarforhold til vassforvaltninga og forvaltningsplanen.

Vassregionmyndigheiten er i samarbeid med *vassregionutvalet* ansvarleg for planprosessen fram til planforslaget vert sendt for handsaming og vedtak i fylkestinget. Vassregionutvalet har, jf. forskrifta, mandat til å fatte naudsynte vedtak i planarbeidet. Vidare stadfestar forskrifta (§ 22) at vassregionutvalet skal vere samansett av deltakarar frå aktuelle sektormyndigheiter, fylkesmannsembete, fylkeskommunar og kommunar. Vassregionmyndigheiten skal etablere og leie vassregionutvalet..

Forskrifta (§ 22) krev også at det vert oppretta ei referansegruppe med representantar frå rettshavarar samt private og allmenne brukarinteresser. Alle grupper med direkte eller indirekte interesse i arbeidet med forvaltningsplanane, og som ikkje er i vassregionutvalet, skal kunne ha representantar i regional referansegruppe.

Samansetjing av vassregionutvalet

Fylkesutvalet fatta i juni 2010 dette vedtaket:

Fylkesutvalet viser til forskrift om rammer for vannforvaltning § 22 (vassregionutvalet), og gjev følgjande føringar for samansetjing og oppretting av vassregionutvalet:

- Vassregionmyndigheita vert representert med eitt medlem i tillegg til oppnemnt leiar.
- Statlege styresmakter: 1 medlem kvar (Fylkesmannen i Hordaland, NVE Region Vest, Mattilsynet regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet Region Vest, Statens Vegvesen Region Vest, Kystverket Vest, Jernbanelverket, og ev andre vedkomande statlege myndigheiter.)
- Kommunar/fylkeskommunar: 1 medlem kvar (33 kommunar i Hordaland, og ev andre) vedkomande kommunar/fylkeskommunar).

Vassregionutvalet har fått denne samansetjinga:

Styresmakt	Namn	Vara
<i>Vassregionmyndigheiten</i>		
Hordaland fylkeskommune	Mona Hellesnes (leiar og fylkesvaraordførar)	Tom-Christer Nilsen (fylkesordførar)
Hordaland fylkeskommune	Sigmund Olsnes (fylkesutvalet)	
<i>Statlege</i>		
Fylkesmannen i Hordaland	Lars Sponheim (fylkesmann)	Kjell Kvingedal (seksjonsleiar)
NVE Region Vest	Gunnstein Brakestad (avd leiar)	Siss-May Edvardsen
Mattilsynet Regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane	Torgeir Flatebø	
Fiskeridirektoratet Region Vest	Johannes Bjelkerøy	Ingerid Bjørkevoll
Statens Vegvesen Region Vest	Ingvill Osland	Liv Janne Kvåle
Kystverket Vest	Knut Stenevik	
Jernbanelverket	Waren S. Eversley	Nina Rønning Raabel
<i>Fylkeskommunar, andre</i>		
Rogaland		
Sogn og Fjordane		
<i>Kommunar Hordaland:</i>		
Askøy	Siv Høgtun (varaordførar)	Knut Hanselmann (ordførar)
Austevoll	Edvard Johannes Stangeland (varaordførar)	Jane Stangeland (formannskapet)
Austrheim	Harald Sognnes (varaordførar)	Liv Ulvøy (kommunestyre)
Bergen	Lisbeth Iversen (byråd)	Elisabeth N. Johnsen (pol. Rådgiver)
Bømlo	Hans Otto Robbestad (formannskapsmedlem)	Jorunn Løklingsholm (kommunestyre)
Eidfjord	Anved Johan Tveit (ordførar)	Kari Tveit Hovland (formannskap)
Etne	Ingvor Gundegjerde (kommunestyre – gruppeleiar)	Roe Lauvås (varaordførar)
Fedje		
Fitjar	Rune Sandvik (leiar utval for plan og miljø)	Karen Elisabet Rydland Sæbø (politiker)

Fjell	Georg Indrevik	
Fusa	Atle Kvåle (varaordfører)	Margunn Samnøy (formannskap og planutval)
Granvin		
Jondal	Jon Larsgard (ordfører)	Kjellaug Hoås Samland (formannskap)
Kvam	Astrid Farestveit Selsvold (ordfører)	Oddvar Brakestad (varaordfører)
Kvinnherad	Synnøve Solbakken (ordfører)	Synnøve Handeland (varaordfører)
Lindås	Astrid Aarhus Byrknes (ordfører)	Bjarte Vatnøy (varaordfører)
Masfjorden	Håkon Matre (ordfører)	Marit Steinestø (formannskap)
Meland	Nils Marton Aadland (ordfører)	Anne Grete Eide (utval for drift og utvikling)
Modalen	Knut Moe (ordfører)	Vibeke Thorsen (varaordfører)
Odda	<u>John Opdal (ordfører)</u>	Dijana Milicevic Saga (kommunestyre)
Os	Torill Keys (kommunestyre)	Gustav Bahus (leiar Plan- og bygningsutvalet)
Osterøy	Eli Hole (kommunestyre)	Ingemar Tepstad (varaordfører)
Radøy	Ragnar Floen (varaordfører)	Monika Soltveit Gabrielli (formannskap)
Samnanger	Olaug Øystese (leiar naturutvalet)	
Stord	Liv Kari Eskeland (ordfører)	
Sund		
Sveio	Vibeke Enerstvedt (hovudutval teknisk/næring)	Håkon Johnsen Skimmeland (leiar hovudutval teknisk/næring)
Tysnes	Helge Hauge (ordfører)	Linbjørg Lunde (kommunestyre)
Ullensvang	Steinar Langesæter (leiar plan- og ressursutvalet)	Dagny Opedal (kommunestyre)
Ulvik	Mona H. Hellesnes (ordfører)	
Vaksdal	Arne Normann (varaordfører)	Evelyn Boge (formannskap)
Voss	Gunn Berit Lunde Årvik (ordfører)	Sigbjørn Hauge (varaordfører)
Øygarden	Olav Martin Vik (ordfører)	
<i>Kommunar i nabofylka</i>		
Gulen	Odd Harald Eide (hovudutval for plan og utvikling)	Jenny Norunn Nordal
Vik	Olav Turvoll	Marta F. Halset
Haugesund	Dagfinn Torstveit	Arne Løvik
Vindafjord	Arne Bergsvåg (ordfører)	Marit Aga Hustvedt (varaordfører)

Samansetjinga av vassregionutvalet justerast etter kvart kommuneval når nye kommunestyre trer i funksjon. Lista over vil få fleire endringar som følgje av valet hausten 2011. Kvar sektor/kommune har ei stemme i vassregionutvalet. Administrative kontaktpersonar har møte- og talerett.

Vassregionutvalet sitt arbeidsutval:

Vassregionutvalet oppretta i møte 20.10.10 eit arbeidsutval med mandat til å gjennomføre oppgåver på vegne av vassregionutvalet. Dei statlege styresmaktene i vassregionutvalet må vere representert i arbeidsutvalet, og kommunane med eitt medlem frå kvart vassområde.

	<i>Representant</i>	<i>Vara</i>
Vassområde Vest	Lisbeth Iversen	Georg Indrevik
Vassområde Voss - Osterfjorden	Eli Hole	Gunn Berit Lunde Årvik
Vassområde Nordhordland	Håkon Matre	Astrid Aarhus Byrkne
Vassområde Hardanger	Anved Johan Tveit	Gard Folkvord
Vassområde Sunnhordland	Synnøve Solbakken	Liv Kari Eskeland
Hordaland fylkeskommune	Mona Hellesnes	Tom-Christer Nilsen
Hordaland fylkeskommune	Sigmund Olsnes	
NVE Region Vest	Siss-May Edvardsen	Gunnstein Brakestad
Statens Vegvesen, region vest	Ingvill Osland	Liv Janne Kvåle
Mattilsynet, Regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane	Torgeir Flatebø	
Fiskeridirektoratet Region Vest	Johannes Bjelkerøy	Ingerid Bjørkevoll
Kystverket	Knut Stenevik	
Jernbaneverket	Warren S. Eversley	Nina Rønning Raabel
Fylkesmannen i Hordaland	Kjell Kvingedal	Kjell Hegna

Administrative kontaktpersonar har møte- og talerett, men ikkje stemmerett på møte i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet vil justerast som følgje av valet hausten 2011.

Nettverk for administrative kontaktpersonar

Dei administrative kontaktpersonane i kommunane og dei statlege organa vil gjere mykje av det praktiske arbeidet med vassforskrifta og vil ha trong for å møte kvarandre.

Kontaktpersonnettverket vil vere ein stad for fagleg gjensidig informasjonsutveksling, opplæring og praktisk arbeid. Nettverket vil vere viktig for å gje eit best mogleg grunnlag for karakterisering, klassifisering, vesentlege utfordringar og informasjon til tiltaksanalysane. Det er aktuelt for nettverket å møtast både innafor vassområda og samla i vassregionen.

Kontaktpersonnettverket vil ha vassregionmyndigheiten som sekretariat.

Nettverket vil ikkje ha formell myndigheit, men bidrar med innsamling av opplysningar som grunnlag for saksførebuing til møte i vassregionutvalet sitt arbeidsutval og vassområdeutvala. Samling for prosjektleiarar for vassområda er eit døme på slike nettverksamlinger.

4.2 Lokalt nivå

Hordaland vassregion er delt i 5 vassområde. Se kap. 3 for inndeling og kontaktinformasjon for dei ulike vassområda. Nyheiter og informasjon om møte i vassområdeutvala ligg på www.vannportalen.no/hordaland. Kvart vassområde har her sin eigen nettside som du finn under menyvalet "vassområde" til venstre på nettsida.

Alle kommunane og aktuelle sektormyndigheiter må vere representert i vassområdeutvalet. Sektormyndigheiter og kommunar har innafor sine ansvarsområde ansvar for å utgreie forslag til tiltak, samt å utgreie premissar for fastsetting av miljømål (vassforskrifta § 22). Framlegg til tiltak skal gje vassførekomsten minst god økologisk status eller godt økologisk potensial. Sektormyndigheiter og kommunane må derfor saman i vassområdeutvala for å utgreie forslag til tiltak.


Vassområdeutvala foreslår tiltak og vurderar dei. Vassområdeutvalet si viktigaste oppgåve er å lage den lokale tiltaksanalysen. Dessutan skal utvalet foreslå kandidatar til SMVF (sterkt modifiserte vassførekomstar) og foreslå miljømål for vassførekomstane. Vassområdeutvala bidrar i karakteriseringa av vassførekomstane, anna kartlegging og med å lage overvakingsprogram.

Kvart vassområde har ein prosjektleiar (sekretær) i 50 % til 100 % stilling i perioden fram til tiltaksanalysen er ferdig. Finansiering av prosjektleiaren har skjedd med bidrag frå fylkeskommune, skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og aktuelle kommunar. Arbeidet i vassområdeutvala vil avgjere kvaliteten på forvaltningsplanen for Vassregion Hordaland.

5. Arbeidsprogram og framdriftsplan

Framdrifta i planarbeidet er i grove trekk som vist på figuren nedanfor. Karakterisering og klassifisering gir informasjon om miljøtilstanden til vassførekomstane. Lokale tiltaksanalyser i dei enkelte vassområda legg grunnlaget for utarbeiding av eit omforeina, sektorovergripande tiltaksprogram for heile vassregionen. Vassregionutvalet sender forvaltningsplanen på høyring andre halvår 2014. Den felles forvaltningsplanen skal gje eit komplett oversiktsbilete over miljøtilstand, påverknader, overvaking og aktuelle miljøtiltak, og gjelde for planperioden 2016-21.

Framdriftsplan for arbeidet i vassregion Hordaland



		2010	2011	2012	2013	2014	2015	Ansvarleg
1	Oppstart av ny vassregion, vassområde, oppgåveavklaring	■	■					VRM
2	Planprogram (§28)	■	■	V				VRM
	Karakterisering (§15)	■	■	■				FM og VO
4	Klassifisering	■	■	■	■			FM og VO
5	Lage regionale overvaksningsprog (§ 18)	■	■	■	■			FM og VO
6	Overvaking	■	■	■	■	■	■	FM
7	Økonomisk analyse (§15)		■	■				VO, sektorar og VRM
8	Vesentlege spørsmål (§ 28)		■	■	■	? V		VRM/FM/VO
9	Register over beskytta område (§ 16)		■	■	■			VRM og FM
10	Utarbeide miljømål (§§ 4-7)		■	■	■			VRM/VRU
11	Utarbeide lokale tiltaksanalyser			■	■	■		VO
12	Utarbeide forvaltningsplan med tiltaksprogram			■	■	■	V ■	VRU, VRM

Tabell: Detaljert framdriftsplan og arbeidsfordeling 2010-15 – forslag.

Forklaring: Grøn = arbeid, rosa m/diagonale strekar = høyring, oransje m/vassrette linjer = sentral godkjenning, VO = vassområde, V = vedtak.

2010-2011: Organisering og kunnskapsbygging :

- avgrense vassførekomstar, påverknad, utviklingstrendar, og utføre ei risikovurdering (karakterisering)
- fastsette miljøtilstanden (klassifisering)
- viktig milepæl i perioden er høyringa av planprogrammet første halvår 2011.

2012-2014: Utvikling av mål og tiltak:

- etablere fornuftige, sektorovergripande tiltaksprogram i kvar vassregion. Tiltaksprogrammet skal gje ein oversikt over alle miljøtiltak som trengst for å nå målet om god tilstand i alle vassførekomstar
- viktig milepæl i perioden er høyringa av "vesentlege vassforvaltningsspørsmål" første halvår 2012. (Kva for interesser som er dei viktigaste og kva er dei største utfordringane for god vasskvalitet)
- Økonomisk analyse (analyse av trendar) skal vere ferdig 1. juli 2012. Vurdering av samfunnsutvikling og påverknadstrendar.

2014-2015: Høyring, vedtak og godkjenning:

- offentleg høyring av dei regionale vassforvaltningsplanane
- vedtak i fylkestinget og sentral godkjenning
- viktig milepæl i perioden er høyringa av utkast til regional forvaltningsplan og tiltaksprogram andre halvår 2014.

2016-2021: Iverksetjing og oppfølging:

- planane skal setjast i verk frå 2016
- nye tiltak som inngår i tiltaksprogrammet skal vere starta innan 2018
- kommunane må starte tiltaka innafor dei områda der dei er myndigheit, og sikre at ny arealbruk og utbygging ikkje strir mot miljømåla.

Aktørane sine oppgåver:

Vassregionmyndigheita si oppgåve er:

- Å leie planprosessen og høyringar.
- Å leie vassregionutvalet og vere sekretariat.
- Sikre semje om roller og forventningar til deltakarane.
- Samanstille bidrag til sektorovergripande, heilskaplege dokument.
- Prosess som sikrar medverknad, felles forståing, konsensus og samhandling. Leggje til rette for å oppnå semje om ei sektorovergripande felles tilstandsskildding, miljømål og tiltaksprogram.
- Samordne gjennomføring av vedtatt plan, varsle om avvik.
- Gje tydelege bestillingar til dei ulike sektorane for kva dei skal bidra med i kvar fase
- Følgje opp dei einskilde vassområda.
- Vedtaksmyndigheit for planprogram og tiltaksprogram.

Fylkesmannen si oppgåve er:

- Miljøforvaltninga si overvaking og datahandtering – vatn. Samle data og problemvurderingar i databasen Vann-Miljø og kartverktøyet Vann-Nett
- Ansvar for karakterisering av vassførekomstane.
- Vurderingar av påverknader og risiko.
- Klassifisere miljøtilstand og foreslå miljømål.
- Involvere andre sektorar og lokal kunnskap i arbeidet.
- Forankre resultatane i Vassregionutvalet.
- Miljøfagleg rådgivar for andre sektorar - påverknad og tiltak.
- Samordne anna relevant vassarbeid.

Vassregionutvalet:

- Samlar alle dei sentrale myndigheiter på vassområdet i regionen.
- Sektormyndigheitene i vassregionutvalet har sjølvstendig ansvar for utgreiing og framdrift innan sitt område (§22).
- Mål om konsensus i vassregionutvalet, alternativt statleg overprøving (§ 26).
- Vedta forvaltningsplanen før den går til Kongeleg resolusjon.
- Heile vassregionutvalet skal stille seg bak og ha eigarskap til forvaltningsplan og tiltaksprogram.
- Vassregionutvalet vert leia av fylkesvaraordførar, Hordaland fylkeskommune.

Vassområdeutvala:

- Utarbeide dei lokale tiltaksanalysane. Gode tiltaksanalysar er heilt avgjerande for kvaliteten på forvaltningsplanen og tiltaksprogram.
- Samlar lokal kunnskap.
- Foreslår tiltak og vurderar dei.
- Foreslår kandidatar til SMVF (sterkt modifiserte vassførekomstar)
- Kommunane er den viktigaste aktøren i vassområdeutvala.

Referansegruppa:

- Skal sikre medverknad på regionalt nivå og i vassområda.
- Det viktigaste vert referansegruppene i vassområda.
- Organisasjonane i referansegruppa gir innspel skriftleg og munnleg for å ivareta sine interesser.

Sektormyndigheiter skal:

- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt / levere materiale til tiltaksanalysen. Framlegg til tiltak skal gje vassførekomsten minst god økologisk status eller godt økologisk potensial.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål.
- Delta i vassregionutvalet.
- Delta i vassområdeutvala.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sitt ansvarsfelt.
- Rapportere til vassregionmyndigheiten.

Identifiserte aktuelle sektormyndigheiter i Hordaland er:

Sektormyndigheit:	Ansvar
Noregs Vassdrags- og energidirektorat	<ul style="list-style-type: none"> - Ivareta miljøomsyn gjennom konsesjons- og revisjonshandsaming etter vassdragslovgjevinga. - Betre miljøtilstand i inngrep der det er sterke miljøomsyn. - Bruke eige lovverk, samt gje innspel til kommunar etter plan- og bygningslova, for å hindre nye bekkelukkingar og opne vassvegar. - Overvake landets vassressursar (hydrologisk overvakning, temperatur og sediment). - Bidra i arbeidet med oppfølging av vassforskrifta, mellom anna føreslå kandidatar til SMVF gjennom karakteriseringsprosessen. - Miljøtilsyn - kontrollere at bygging, vedlikehald og drift av vassdrags- og energianlegg skjer etter krav i vassdrags- og energilovgjevinga
Mattilsynet	<ul style="list-style-type: none"> - Fiskehelse, fiskesjukdom og velferd for fisk i fiskeoppdrett og villfisk, mellom anna lakselusproblematikk - drikkevatt - kosthaldsrestriksjonar pga miljøgifter
Statens vegvesen /Hordaland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> - Ha oversikt over dei viktigaste vassmiljøverknadane av bygging og drift av vegar. - Sørgje for at nye vegar vert planlagt på ein måte som harmonerer med forskrifta sine krav. - Gjennomføre tiltak innanfor eige ansvarsområde, f.eks. utbetre kuvertar og fyllingar, redusere saltbruk, reinse overvatn for miljøgifter etc.
Kystverket	<ul style="list-style-type: none"> - Sikre en forsvarleg beredskap mot akutt forureining. - Førebyggjande tiltak for å hindre ulykker til sjøs. - Sørgje for at Kystverkets eigne tiltak i statlege fiskerihamner og farleier i statleg regi er i tråd med vassdirektivets intensjon. Bidra gjennom planmedverknad og bruk av myndigheit til at planlagde tiltak i offentlege trafikkhamner vert planlagt og gjennomført i tråd med intensjonane i vassdirektivet.
Fiskeridirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsyn med akvakulturlokalitetar; MOM (miljøovervakning av matfiskanlegg). - Førebyggje negative følgjer av akvakultur ved høg standard på utstyr og driftsrutinar. Kontroll av biomasse i fiskeoppdrett. - Følgje opp at område med viktige marine

	<p>naturtypar/biomangfald vert vareteke i arealplanlegging etter PAL.</p> <ul style="list-style-type: none"> - <u>Havressurslova</u>
Fylkesmannen i Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp verksemder som forureinar vassforekomstane med nødvendige løyver, tilsyn og pålegg etter forureiningslova - revidere kommunale utsløppsløyve på avløpssektoren, tilsyn og kontroll når det er nødvendig - Følgje opp nedlagte deponi med undersøkingar - Føre tilsyn og kontroll for å redusere utsløpp av prioriterte stoff - Setje krav om forsvarleg massedeponering i løyve etter forureiningslova - Gje pålegg om opprydding i forureina grunn og sediment - Gje pålegg for å redusere sigevatn og restutsløpp frå fyllplassar - Utarbeide retningslinjer for dumping, mudring og utfylling - Bruke RMP og andre tilskotsordningar aktivt for å stimulere tiltak i jordbruket for å redusere forureining av vassdraga - Innføre forskrift om krav til jordarbeiding og miljøtiltak (jordarbeidingsforskrift), heimla i forskrift om produksjonstilskot for å redusere forureining av vassdraga - Leggje til rette for gjenutsetjing av artar som har blitt borte som følgje av forsuring - Gjennom innspel og uttale til andre sektorars planar komme med innspel for å sikre nødvendige miljøomsyn i vassdraga - Bruke eige lovverk for å sikre gode levevilkår for fisk og andre vasslevande organismar - Leggje større vekt på ivaretaking av kantvegetasjon jf. Vassressurslova § 11 - Bruke tilskotsordningar aktivt for å betre leveforholda for fisk og andre vasslevande organismar i vassdraga - Stille miljøkrav til eksisterande vassdragskonsesjonar som har standard naturvaltningsvilkår.
Jernbanelinjet	<ul style="list-style-type: none"> - Avrenning frå jernbane, - vandringshinder for fisk pga jernbane.
<u>Klif</u>	<ul style="list-style-type: none"> - utsløppsløyve etter forureiningslova - opprydding av gamle deponi - generell forureiningsmyndigheit
Hordaland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> - vassregionmyndigheit - ansvar for konsesjonsvurdering for mini- og mikrokraftverk inntil 1 MW - ansvar for innlandsfiske unntatt anadrom fisk. - konsesjonsmyndigheit for etablering og lokalisering av havbruksanlegg og revisjon av eksisterande havbruksløyve (biomasse og arealbruk). - Følgje opp vedtatte regionale planar - Friluftsliv

	<ul style="list-style-type: none"> - Kulturminnevern, inklusive kulturlandskap og kulturminne i vatn og sjø - Følgje opp regional plan for bygging av små kraftverk - Regional høyringsinstans - blant anna i samband med konsesjon for vasskraftutbygging (også høve til å påklage vedtak) - ansvar for riks- og fylkesvegar (utanom stamvegar)
Kommunane	<ul style="list-style-type: none"> - Utreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt/ levere materiale til tiltaksanalysen. - Utreie premissane for fastsetting av miljømål. - Delta i vassregionutvalet. - Delta i vassområdeutvala. - Gjennomføre og finansiere tiltak for sitt ansvarsfelt (avløp, landbruksforureining, kommunale vegar, m.m). - Rapportere til vassregionmyndigheiten. - Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.

Mykje er fastlagt i forskrifta, men det er politisk handlingsrom innan:

- Bruk av unntak (fristutsettjing, mindre strenge mål).
- Høve til å setje supplerande miljømål (brukarmål) i tillegg til miljøkvalitetsnormene.
- Val og prioritering av miljøtiltak som ein meiner er best for å nå måla.



Arbeidet med vassforskrifta vil vere kontinuerleg og skal rullerast kvart 6. år.

6. Opplegg for medverknad og informasjon

Dei viktigaste plassane for fortløpande medverknad er:

- Lokalt: vassområdeutvalet
- Regionalt: vassregionutval og referansegruppe

Både vassdirektivet og Plan- og bygningslova har krav til medverknad og opne planprosessar. Vassforskrifta er tydeleg på at vassregionmyndigheiten i samarbeid med vassregionutvalet skal leggje til rette for at alle interesserte får høve til å innhente informasjon og delta aktivt i planprosessen. I § 22 er det slått fast at *Representantar for berørte rettshavarar og private og allmenne brukarinteresser skal vere nært knytt til vassregionutvalet gjennom ei referansegruppe*. Forskrifta seier dessutan at forvaltningsplanen skal skildre eventuelle offentlege informasjons – og høyringstiltak, resultatet av desse og moglege konsekvensar i planen som følgje av tiltaka.

Både planprogram, førebels oversikt over vesentlege spørsmål knytt til vassforvaltning i ein vassregion samt utkast til forvaltningsplan skal sendast på offentleg høyring jf. § 28 i forskrifta. Høyringsfristen er sett til minimum 6 månader.

Høyringsutkasta skal sendast til aktuelle fylkesmannsembete, fylkeskommunar, kommunar, offentlege etatar og organisasjonar samt kunngjerast i regionale og lokale aviser. I tillegg vil høyringsdokumenta med informasjonsgrunnlag bli gjort tilgjengeleg for ålmenta gjennom www.vannportalen.no. Planprogrammet vert også tilgjengeleg på vassregionmyndigheit Hordaland si heimeside www.vannportalen.no/hordaland.

Vassregionmyndigheita annonserer i aktuelle aviser at interesserte organisasjonar kan ta kontakt om dei ønskjer å delta i referansegruppa. Tidsfrist for å melde interesse er 15. august 2011.

Vassregionmyndigheita rår til at alle vassområda opprettar lokale referansegrupper. Då det meste av det praktiske arbeidet vil skje lokalt i vassområda, må deltaking i lokale referansegrupper vurderast som alternativ til deltaking i regional referansegruppe. Eit generelt prinsipp vil vere at dei som det gjeld, og som er interessert, skal kunne delta og påverke arbeidet gjennom informasjon og dialog kring miljømål, tiltaksprogram og overvaking. Det kanskje viktigaste forum for medverknad er i vassområda. Det er på lokalt nivå kunnskap og engasjement kan utnyttast best, og at problema med dårleg vasskvalitet vert følt på kroppen. Motivasjon for deltaking og gjennomføring av tiltak er også størst når ein føler at det er knytt eigennytte til det.

Den regionale referansegruppa skal gje råd med omsyn til aktuelle interesseområde som friluftsliv, ferdselsrettar og/eller økonomiske interesser som reiseliv, energiproduksjon og landbruk. Vassregionutvalet/ vassregionmyndigheiten vil arrangere møte med referansegruppa ved viktige milepelar i planprosessen. I slike periodar vil det vere naturleg å leggje fram førebelse dokument og resultat slik at referansegruppa kan gje sine synspunkt. Vassregionmyndigheiten vil også informere referansegruppa sine deltakarar om viktig informasjon og undervegsdokument som vert gjort tilgjengeleg på www.vannportalen.no. Dei ulike sektormyndigheitene, fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å utgreie forslag til tiltak samt premissar for fastsetting av miljømål innanfor sine ansvarsområde. I tillegg vil kommunane ha ei framtrédande rolle som planmyndigheit og lokal fagkompetanse.

Vassregionmyndigheiten, vassregionutvalet og referansegruppa utgjer det regionale nivået. Dei konkrete diskusjonane om det enkelte vassdraget, den enkelte vassførekomsten og eventuelle tiltak vil skje på lokalt plan i dei ulike vassområda. Vassregionmyndigheit Hordaland oppmodar vassområdeutvala til å trekke inn representantar for referansegruppa på møte og synfaringar i så stor grad som mogeleg.

I planperioden vert det 3 høyringar:

Trinn	Høyring av	Tidsfrist for utsending	Høyringsperiode
1	Planprogrammet	Innan 31.12.2010	6 månader
2	Vesentlege spørsmål (hovudutfordringar for å oppnå god vasskvalitet)	Innan 01.07.2012	6 månadar
3	Forvaltningsplan og tiltaksprogram (inkl. ein eventuell konsekvensutgreiing)	Innan 01.07.2014	6 månadar

Formelle høyringar vil bli varsla gjennom annonsering i media og på www.vannportalen.no/hordaland Alle involverte kommunar vert oppfordra til å leggje inn informasjon om www.vannportalen.no på sine nettsider.

Vannportalen

Privatpersonar og organisasjonar vil finne informasjon på www.vannportalen.no/hordaland og www.vannportalen.no . Her kan ein abonnere på nyhende og finne informasjon om sin vassregion eller vassområde.

Kartdatabasar – innsyn for alle

Vann-Nett vert driftast av NVE og gir oversyn over vassmiljøet i din vassførekomst (elv, innsjø, kystvatn eller grunnvatn). Vann-Nett viser vurderinga som er gjort med omsyn på økologisk og kjemisk kvalitet, risiko for ikkje å nå målet med god tilstand i framtida, karakteriseringsresultat, påverknad m.m., <http://vann-nett.nve.no/statistikk>

Vassmiljøsystemet viser grunnlagsdata for kunnskapsbasert og samla forvaltning av vatnet. Vassmiljøsystemet samlar alle miljødata og målingar i regi av det offentlege. Systemet vert brukt som verktøy for å systematisere data og gje informasjon om miljøtilstand og utvikling i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. Vassmiljøsystemet vert drifta av Klif (Klima- og forurensningsdirektoratet), <http://vannmiljo.klif.no>

Korleis kan den einskilde påverke?

Interessentar kan påverke på ulike måtar;

- ved å delta på annonserte informasjonsmøte/folkemøte om vassforvaltninga i vassområda
- ved å ta direkte kontakt med kontaktpersonar i vassregionmyndigheita og/eller medlemmer i vassregionutvalet/vassområdeutvalet, arbeidsgruppene og referansegruppene.
- ved å skriftleg gje innspel under dei ulike høyringsperiodane

7. Framlegg til tema, inkludert aktivitetar og utgreiing

Grunnleggjande miljøfaglege tema:

- Miljøtilstand: Karakterisering, risiko og klassifisering av vassførekomstane.
- Miljøsmål: Fastsetje miljøsmål etter vassforskrifta og eventuelle brukarmål for vassførekomstane. Eventuelle unntak frå miljømåla skal vurderast.
- Tiltak: regionalt tiltaksprogram basert på lokale tiltaksanalysar (inkludert analysar av kostnad og nytte). Tiltaksanalysane må ta omsyn til og leggje til grunn planlagt utvikling i tilknytning til vassførekomstane, jf. kommuneplan og reguleringsplanforslag.

Andre utgreiingstema:

- Overvaking av vassmiljøet (for å sikre godt vedtaksgrunnlag for miljøtilstand og vurdere effekten av tiltak).
- Økonomisk analyse. Vurdering av samfunnsutvikling og påverknadstrender.
- Beskrive beskytta område (drikkevatt, verneområde m.m.), og korleis sikre at måla for restriksjonane kjem inn i forvaltningsplanen).
- Utpeike sterkt modifiserte vassførekomstar og setje tilpassa miljøsmål.
- Omsyn til effekten av forventa klimaendringar i risikovurderinga og ved utforming og prioritering av miljøtiltak.
- Omtale kostnadsdekking for vasstenester.
- Økonomiske og administrative konsekvensar av planen og tiltaksprogrammet.
- Gjennomføring og rullering av forvaltningsplan frå første planperiode (Nordåsvatnet)

For dei konkrete punkta i tiltaksprogrammet kan det bli aktuelt med KU før gjennomføring.

Flomdirektivet

EUs flomdirektiv er ennå ikkje gjort gjeldande for Noreg, men NVE har fått i oppdrag av Olje- og energidepartementet å forberede dette. Siktemålet er at direktivet etter høring av nasjonal forskriftstekst vil bli vedtatt våren 2012. Flom tydar her oversvømming av areal, uavhengig om det er vatn frå elv, sjø eller hav.

Flomdirektivet er eit søsterdirektiv til vassdirektivet, og samordning av disse er en føresetnad.

NVE arbeider for tida med et utkast til slik norsk forskriftstekst, som vil legge deler av ansvaret for oppfølging av direktivet på regionalt nivå til vassregionmyndigheiten. Den første sentrale oppgåve i arbeidet er å lage ein førebels oversikt over steder som kan være utsett for større flommar. Dette vil NVE gjere, og arbeidet skal rapporterast innan 22. desember 2011. Neste trinn er å utarbeide flomfarekart og flomrisikokart for de fleste av disse stedane. Også dette arbeidet vil NVE ha hovudansvaret for, og det skal sluttføres innan 22. desember 2013. Endelig skal det utarbeidast egne flomrisikoplanar for disse stedane. Her har NVE foreslått at vassregionmyndigheiten skal ha ansvaret for prosessen for planane, og at planane skal betraktast som fylkesdelplanar på same måte som vassforvaltningsplanane. Dette planarbeidet bør trulig starte opp i løpet av 2012/ 2013, og NVE tar sikte på å bistå aktivt i disse prosessane.

Flomrisikoplanar vil berre lages for vassområde det er betydeleg flomrisiko. Dette vil berre gjelde få vassområde i Noreg. Forslag til disse vil avklarast hausten 2011. NVE vil legge opp til dialog med aktuelle vassregionmyndigheiter etter kvart som arbeidet går framover, og spille inn informasjon til arbeidet med Vesentlige vassforvaltningsspørsmål . I Hordaland blir trulig Bergen prioritert for tiltak etter flomdirektivet.

Vedlegg

Sentrale ord og uttrykk i arbeidet

Geografiske einingar :

Vassregion: Vassforskrifta delar landet inn i 11 vassregionar, som er dei geografiske einingane som dannar utgangspunktet for gjennomføring av vassforskrifta. Ein vassregion består av eit eller fleire tilstøytande nedbørsfelt med tilhøyrande grunnvatn og kystvatn. Grensene mellom vassregionar skal dragast slik at nedbørsfelt ikkje vert delte, og dermed leggja til rette for ei nedbørsfeltorientert vassforvaltning.

Vassområde: Avgrensa del av ein vassregion med eit enkelt, delar av eller fleire nedbørsfelt med tilhøyrande grunnvatn og eventuelt kystvatn. Formålet med å dele inn i vassområde er å etablere formålstenlege einingar på lokalt nivå for å gje faglege innspel til arbeidet på regionnivå (tiltaksvurderingar m. v.). Det er vassregionmyndigheiten i samarbeid med vassregionutvalet som bestemmer eventuell inndeling i vassområde, og som gjev nærare rammer og rettleiing for arbeidet som skal skje på vassområdenivå.

Ved inndeling i vassområde skal det takast utgangspunkt i naturgjevne føresetnader, som heile eller delar av nedbørsfelt, fjordar og kystområde. I tillegg skal det leggjast vekt på eksisterande samarbeidsformer mellom kommunar, regionale styresmakter og andre (ålmenne?) interesser, forventa utfordringar og tiltak som er sette i gang (vassforskrifta § 23).

Vassførekomst: Ei avgrensa mengde av overflatevatn av ein viss storleik, som for eksempel innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse, eller ei avgrensa mengde grunnvatn. Miljømåla i direktivet og forskrifta er knytt til den einskilde vassførekomsten, og ein vassførekomst skal dermed ha same type vatn og tilstands-/risikoklasse. Storleiken på ein vassførekomst bør vere slik at den er eit fornuftig forvaltningsobjekt, og for ferskvassførekomst er det laga rettleiande nedre grense for storleiken.

Organ/utval:

Vassregionmyndigheit: Vassforskrifta § 20 seier kva for fylkeskommunar som skal vere vassregionmyndigheit for kvar vassregion. Vassregionmyndigheita skal, i nært samarbeid med vassregionutvalet, koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene som følgjer av vassforskrifta (vassforskrifta § 21).

Vassregionutvalet: Eit samarbeidsorgan for vassregionmyndigheiten i arbeidet med å gjennomføre vassforskrifta. Vassregionutvalet skal ha representantar frå dei sektormyndigheiter, fylkesmannsembete, fylkeskommunar og kommunar som er omfatta av vassregionen, og er oppnemnt og vert leia av vassregionmyndigheita (vassforskrifta § 22).

Arbeidsutval: Der det vil vere formålstenleg ut frå storleiken på vassregionutvalet, eller der ein har særlege problemstillingar som skal vurderast/handterast, kan vassregionmyndigheiten/vassregionutvalet setje ned særlege arbeidsutval der eit utval av representantane i vassregionutvalet er med. Arbeidsutvalet arbeider då etter mandat frå vassregionmyndigheiten/vassregionutvalet.

Referansegruppe: Eit organ som vassregionmyndigheiten/vassregionutvalet kan rådføre seg med, med representantar frå rettshavarar og private og allmenne brukarinteresser i vassregionen. RG vert oppnemnd av vassregionmyndigheiten og skal vere nært knytt til vassregionutvalet (vassforskrifta § 22).

Arbeidsgruppe/Vassområdegruppe: Ei gruppe som skal kome med faglege innspel til arbeidet med tiltaksprogram/forvaltningsplan på regionalt nivå. Gruppa er samansett med tanke på dei særlege utfordringane i det aktuelle vassområdet, og typiske innspel kan vere knytt til karakterisering og tiltaksvurderingar (tiltaksanalyser). Det er vassregionmyndigheiten som gjev rammer og rettleiing for

organisering av det arbeidet som skjer i vassområda, og legg til rette for at det skjer på ein fagleg forsvarleg måte og innanfor fastsette fristar (vassforskrifta § 23).

Plandokument :

Planprogram: Framdriftsplan og arbeidsprogram for utarbeiding av forvaltningsplan.

Vassregionmyndigheiten skal sjå til at planprogram vert sendt på offentleg høyring seinast tre år før ny forvaltningsplan tek til å gjelde, og høyringsfristen skal vere minst 6 månader (vassforskrifta § 28, pkt. a).

Forvaltningsplan: Ein samla plan for forvaltning av vassførekomstane i ein vassregion, som m.a. skal vise miljømål for vassførekomstane og samanfatte tiltaksprogrammet som syner korleis miljømåla kan nåast innan fristane i vassforskrifta (vassforskrifta § 26). Forvaltningsplanen er den formelle planen etter forskrifta, som skal handsamast og vedtakast av fylkestinget og godkjennast i Regjeringa. Forvaltningsplanen vert utarbeidd av vassregionmyndigheiten i samarbeid med vassregionutvalet, og skal vedtakast som fylkesdelplan etter plan- og bygningslova. Godkjent plan skal leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Forvaltningsplan skal godkjennast seinast innan utgangen av 2014, og oppdaterast kvart sjette år (vassforskrifta § 29). Vassregionmyndigheiten skal sende utkast til forvaltningsplan på høyring seinast eitt år før ny forvaltningsplan tek til å gjelde (vassforskrifta § 28).

Lokale tiltaksplanar: Dei meir detaljerte listene med prioriterte tiltak (etter kostnadseffektivitet) som har kome fram etter ein lokal tiltaksanalyse i eit vassområde (ein mindre del av ein vassregion).

Tiltaksprogram: Eit sektorovergripande tiltaksprogram for den einskilde vassregionen som skal oppsummere alle relevante, fastsette tiltak og alle relevante typar av tiltak som i tillegg er føreslått for å oppfylle miljømåla i forvaltningsplanen. Tiltaksprogrammet vert utarbeidd av Vassregionmyndigheiten i samarbeid med vassregionutvalet. Det skal liggje føre første gang innan utgangen av 2015, og oppdaterast kvart sjette år (vassforskrifta § 25).

Tiltaksanalyse: Ei oppstilling og fagleg vurdering/rangering av relevante tiltak i eit avgrensa område, normalt eit vassområde. Det vil normalt vere ei arbeidsgruppe (vassområdegruppe) knytt til det vassområdet som utarbeidar tiltaksanalysen, som vil vere eit fagleg innspel til arbeidet på vassregionnivå med å setje saman eit tiltaksprogram.

Problemkartlegging:

Tilstandsklassifisering: Plassering av ein vassførekomst i særst god, god, moderat, dårleg eller særst dårleg økologisk tilstand basert på tilgjengelege data om økologiske forhold i naturlege vassførekomstar og maksimalt-, godt-, moderat-, dårleg eller særst dårleg økologisk potensial for sterkt modifiserte vassførekomstar.

Tilstandsvurdering: Vurdering av om miljøtilstanden er svært god, god eller dårlegare enn god, basert på tilgjengelege data om økologiske, kjemiske og/eller kvantitative forhold i vassførekomsten. Om tilstrekkelige tilstandsdata finnes, så brukast dette til å klassifisere tilstanden. Der tilstandsdata ikkje eksisterar, er mangelfulle eller kan samanlikne med tilsvarande førekomst, så tilstandsvurderast samla miljøtilstand for vassførekomsten

Karakterisering: Med karakterisering menes her Vassforskrifta (§ 15) sin avgrensing i hensiktsmessige vassførekomstar med einsarta vassstype og miljøtilstand og fastsette kategori: elv, innsjø, kyst og grunnvatn, SMVF, typifisering og identifisering av påverknader (eksisterande og forventa).